

OSTERØY KOMMUNE
Postboks 1
5293 LONEVÅG

Dato	12.06.2023
Vår referanse	2022/73182-7
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Malene Utkilen
E-post	Malene.Utkilen@vlfk.no
Telefon	94172524

Ber om meir informasjon - søknad om dispensasjon frå byggegrense - utvide eksisterande parkeringsplass - fv. 5418 - gnr. 152 bnr. 58 - Osterøy kommune

Vi viser til søknad av 05.05.2023, vidaresendt til oss i brev av 12.05.2023.

Søknaden gjeld dispensasjon frå byggegrensa mot fylkesveg 5418 for å utvide parkeringsplass på eigedom gnr. 152 bnr. 58 i Osterøy kommune. Fylkeskommunen har gitt løyve til flytting og utvida bruk av avkøyrsla for same tiltak i brev av 03.10.2022.

I søknaden er det opplyst at de ønsker å etablere nærmaste tiltak 4,5 meter frå vegmidte. Det kjem ikkje klart fram av situasjonsplanen kva de ønsker å plassere her. Vi kan ikkje godkjenne plassering av nye tiltak i siktsonen til den nye avkøyrsla. Kan det vere slik at teikninga er feil, og muren eigentleg er det nærmaste tiltaket? Vi ber om at de gjer greie for dette. Vi ber også om at de lagar ein ny situasjonsplan som viser eintydig kva nærmaste tiltaket er med talfesta avstand.

Med helsing

Kari Elster Moen
fagkoordinator
INV - Forvaltning Bergensområdet

Malene Utkilen
rådgjevar
INV - Forvaltning Bergensområdet

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift